

Høyring. Prosjekt fagleg plattform, profil og strategi

Høyringsvar frå Internasjonalt kontor, HiB

Vår generelle kommentar til dei tre høyringsdokumenta er at dei i alt for liten grad adresserar internasjonalt utdanningssamarbeid og koplinga mellom forskning og utdanning i internasjonaliseringsarbeidet. Under har vi sett opp konkrete forslag til korleis dette kan gjerast.

Innspel til Prosjekt fagleg plattform, profil og strategi

1. Pkt. 1.5: inkludere representasjon frå internasjonalt kontor i arbeidsgruppa som skal lage ein plan for realisering av universitetsambisjonen

Bakgrunn: Internasjonalisering er eitt av kriteria for akkreditering som universitet og dei internasjonale kontora har stor oversikt og inngåande kjennskap til alle delar av internasjonaliseringsarbeidet ved høgskulane. Ved å utelate den kompetanse som desse kontora representerer risikerer ein å miste informasjon og kunnskap som vil vera avgjerande for søknaden.

2. Punkt 6.2. Mål og prioriteringar for HVL fram mot 2023

Pkt. 2: legge til tekst: HVL skal yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling gjennom utdanningar, FOU, innovasjon og formidling av høg internasjonal kvalitet. For å oppnå dette skal HVL etablere gode rammevilkår for **utdannings- og** forskingsverksemda ved å legge stor vekt på [...].

Bakgrunn: Ein må sjå utdanning og forskning saman. Dette gjeld særleg i internasjonaliseringsarbeidet.

Legge til eit Pkt. 2 E: å etablere gode støttesystem for internasjonalt utdanningssamarbeid, inklusive ekstern finansiering nasjonalt og internasjonalt.

Legge til eit Pkt. 3 F: å utvikle gode ordningar for internasjonalisering og formelle avtaler for studentutveksling i alle utdanningsprogram (jfr. Studietilsynsforskrifta pkt. 8 og 9).

Bakgrunn: KD og UD har gjennom NORAD og SIU lansert mange program for internasjonalt utdanningssamarbeid som det er stor konkurranse om blant norske høgskular og universitet. Desse kjem i tillegg til EU sitt program for internasjonalt utdanningssamarbeid; Erasmus+. Det er viktig at HVL også legg til rette for at fagmiljø og studentar kan delta i desse ordningane og utarbeidar strategiar og tiltak til korleis dette skal skje.

Innspel til Delleveranse 1 Prosjekt fagleg plattform, profil og strategi

1. Kommentar til pkt. 2.1 «Tilbakemeldingar frå Etatstyringsmøtet: Felles for dei 3 høgskulane er, i følgje tilbakemeldingane frå KD, at ingen av dei er særleg gode på internasjonal studentutveksling».

I SIU sin Rapportserie 02/1, *Studentutveksling frå Norge*, finn me følgande resultat for studentutveksling for dei tre institusjonane i høve til talet ferdige kandidatar for vårsemesteret 2015 og kandidatar med utveksling i prosent:

- HiB: 16 %
- HSH: 8 %
- HiSF: 5 %

Det er altså stor skilnad på resultatene for dei tre institusjonane på dette feltet. Mens HiB ligg på ein 10. plass nasjonalt ligg HiSF på ein 32. plass av totalt 35 universitet og høgskular som er med i teljinga. Samla tal for HVL vil ligge under HiB-nivå og det må utviklast strategiar og tiltak for korleis HVL skal heva seg innanfor dette området.

2. Legge til eit punkt 4 under Punkt 2.3 Høgskulen på Vestlandet: Høgskulen på Vestlandet bør snarast utvikla ein eigen startegi for internasjonalisering av alle delar av verksemda og som har særleg fokus på å kopla forskning og utdanning.

Bakgrunn: Internasjonalisering omfattar både utdannings- og forskingssamarbeid og inkluderer mellom anna studentmobilitet i alle syklusar, tilsettmobilitet for både forskarar og administrative, eksternfinansierte utdannings- og forskingsprosjekt, samarbeid om studieprogram og internasjonalisering heime og må sjåast som eit verktøy for å realisera institusjonens øvrige mål. Dette er også KD svært oppteken av og internasjonalisering er lagt inn som viktige premisser både når det gjeld krav til akkreditering av studieprogram for alle syklusar og for å oppnå universitetsstatus. I tillegg er internasjonalisering et mål i seg sjølv og HVL vil bli målt på tall for studentar inn/ ut, tall på kor mange enkeltemne og heile studieprogram me tilbyr på engelsk, tal på samarbeidsprosjekt innanfor Erasmus+ og Horisont2020 og så bortetter. Ein internasjonaliseringsstrategi må adressera alle desse områda og korleis dei skal sjåast i samanheng for å gje synergjar. Me viser forøvrig til at HiOA har i sitt arbeid med å oppnå universitetsstatus har oppretta eit eige *Prosjekt Internasjonalisering*.

Innspel til Vedlegg 1: Delprosjekt Universitetsambisjonen 2023

Gruppen har fått i oppdrag å gi ein oversikt over kriteria som gjeld for akkreditering som universitet men kriteria knytt til internasjonalisering er ikkje kommentert. I forslag til ny forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgare utdanning (*Studietilsynsforskriften*) er krava til internasjonalisering innskjerpa. Dette bør adresserast i sjølve delprosjektet og vera gjennomgåande i dokumentet. Me minner om at kravet til internasjonalisering vart særleg påpeikt av NOKUT i samband med søknad om akkreditering av doktorgradsprogram innan Computer Science og eit av krava var at utveksling vart gjort obligatorisk.

12.12.16

Elin Kvaale

Kontorsjef